


## Kantvegetasjon er viktig natur



**Mange viktige funksjonar:**

- Leveområde for dyr og planter

- Næringsgrunnlag for mange artar
- Gjev skjul og skugge for akvatiske organismer som elvemusling og fisk
- Reduserer avrenning
- Fungerer som flaum- og erosjonssikring
- Vandrings- og spreiingskorridor for fleire artar av insekt, fugl og hjortedyr
- Landskapselement



*1 - Regnklegg. Foto: Tore Larsen*



*2 - Grønfink. Foto: Tore Larsen*



3 - Laks. Foto: Tore Wiers

**Elvemusling:**

- Første åra ligg elvemusling negravd i grus
- Kantvegetasjon gjev skugge for elvemusling
- Reduserer eventuell skadeleg avrenning av partiklar m.m.
- Ein bør ta omsyn til heile nedbørsfeltet viss det er elvemusling i vassdraget
- Viktig med frodig og brei kantvegetasjon langs vassdrag med elvemusling



4 - Elvemusling. Foto: Magnus Johan Steinsvåg

## Breidda til kantvegetasjonsbeltet



- Breidda er avhengig av vassdrag, topografi osv.
- Breidda skal vere så brei at alle naturlege funksjonar vert oppretthald
- Flaummarkskog med ei breidde på 10 m kan ta opp 3/4 av avrenning frå terrenget
- Kommunen kan fastsette breidda på kantvegetasjonsbeltet langs et vassdrag i arealplan eller reguleringsplan



*5 - Apeltunvassdraget i Bergen kommune. Urbant vassdrag med masse kantvegetasjon. Foto: Alv Arne Lyse, NJFF Hordaland*

## Lover og forskrifter som regulerer kantvegetasjon

- Vassforskrifta (alle vassførekomstar skal ha god økologisk og kjemisk tilstand)
- Vassressurslova (aktsomhetsplikt i § 5, § 11 vern av kantvegetasjon)
- Forskrift om nydyrking (6 meter vegetasjonssone mot vassdrag med årssikker vassføring)
- Forskrift om berekraftig skogbruk (§ 3 skogbrukarar skal ta særlege omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturverdiar når dei gjennomfører skogbrukstiltak)
- Naturmangfaldlova (stadfestar at naturen skal takast vare på og har eigenverdi)



**Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)**

**§ 11.** ***(kantvegetasjon)***

Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr. Denne regelen gjelder likevel ikke for byggverk som står i nødvendig sammenheng med vassdraget, eller hvor det trengs åpning for å sikre tilgang til vassdraget.

Grunneieren, tiltakshavere og berørte fagmyndigheter, kan kreve at kommunen fastsetter bredden på beltet. Bredden kan også fastsettes i rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven.

Vassdragsmyndigheten kan i særlige tilfelle frita for kravet i første ledd.

## Kven er ansvarleg for kva?

- **Grunneigar** er ansvarleg for å oppretthalde kantvegetasjon
- **Kommunen** skal ivareta kantvegetasjonen i planlegginga etter plan- og bygningslova, fastsette breidda på kantvegetasjonen om nokon krev det etter vassressurslova, og ivareta kantvegetasjon i handsaming av saker etter nydyrkingsforskrifta.
- **Statsforvaltaren** kan i særlege tilfelle gje løyve til å fråvike frå kravet om å oppretthalde kantvegetasjon. Som regel er det då snakk om løyve til mellombels fjerning, med vilkår om reetablering av kantvegetasjonen
- **NVE** følgjer opp brot på vassressurslova § 11 om kantvegetasjon. NVE har verkemiddel som pålegg om retting, tvangsmulkt, overtredelsesgebyr og stans av ulovleg verksemd

## Ulovleg hogst av kantvegetasjon

- Hogst i naturreservat/verna område
- Hogst utført langs verna vassdrag/nasjonale laksevassdrag

- Hogst langs vassdrag verna i kommunens arealplan
- Hogst som gjer uønska erosjon
- All hogst som øydelegg kantvegetasjonens naturlege preg og funksjon (flatehogst eller topphogst)
- Ikkje krav om retting viss hogsten er utført før vassressurslova vart gjeldande (1. januar 2001)





## Skjøtsel



**Skjøtsel:**

- Skjøtsel er ikkje søknadspliktig
- Funksjonen til kantvegetasjonen er verna, ikkje det enkelte treet
- Store lauvtre bør sparast
- Skjøtsel for å fjerne framande artar eller uttak av tre som utgjer erosjonsrisiko
- Skjøtsel definisjon: ein bør ikkje kunne sjå at det har vore gjennomført hogst

## Løyve til fjerning av kantvegetasjon




**Løyve:**

- Oftast løyve til mellombels fjerning av kantvegetasjon med vilkår om reetablering
- Naturleg revegetering ved tilbakeføring av jordlag med den naturlege frøbanken
- Eventuelt plante lokalt førekomande artar av lauvtre og buskar

- Hindre framande artar og rotvelt
- Kan setje vilkår om tidsperiode (utanom hekketida til fugl) eller handtering av hogstavfall

## Søknadsskjema




- Bruk søknadsskjema
- Skjemaet ligg på nettsida til Statsforvaltaren i Vestland i nettsaka "Kantvegetasjon langs vassdrag" (finnast under tema "vatn")
- To versjonar: utskrift og med moglegheit til å redigere

Statsforvaltaren i Vestland

# Skjema for søknad om dispensasjon for å fjerne kantvegetasjon langs vassdrag

Fyll ut informasjon om **søkjar**, beskriv **tiltaket** og grunngje **kvifor det skal fjernast kantvegetasjon**. Stjerne (*) visar til informasjon som er obligatorisk å fylle ut. For meir informasjon om kantvegetasjon og regelverket sjå side 4-6 i skjemaet. Ferdig utfylt skjema sendast til Statsforvaltaren i Vestland: sfvlpost@statsforvalteren.no, eller per post til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.

## Generell informasjon

**Søkjar og kontaktperson (grunneigar, føretak eller entreprenør)**

Namn*

Adresse*

Telefonnummer*

E-post*

**Ansvarleg entreprenør (i tilfelle der det føreligg slike opplysningar)**

Namn

Adresse

Telefonnummer

E-post

**Lokalisering av tiltak**

Kommune*

Stadnamn*

Namn på elv/bekk/innsjø*

Gnr/bnr

Koordinatar (UTM)



Statsforvaltaren i Vestland

## Informasjon om fjerning av kantvegetasjon

Fyll inn tekstboksene og sett kryss:

**Kva er føremålet med hogsten av kantvegetasjonen?***

| **Føremål:** | **Sett kryss her:** |
|---|---|
| Etablere ny kantsone | |
| Friluftsliv (fiskeplass/badeplass/rasteplass) | |
| Vegvedlikehald | |
| Gjere veg framkomeleg | |
| Erosjonssikring | |
| Fjerning av framande artar (kva art/artar?) | |
| Siktrydding | |
| VA / dreneringsrøyr | |
| Anna føremål | |

**Kor lang strekning langs vassdraget skal hoggast (i meter)?***

**Planlagd tidsperiode for hogsten***:

| | **Ja** | **Nei** |
|---|---|---|
| **Skal det hoggast på begge sider av vassdraget?*** | | |
| **Er vegetasjonen delt i fleire høgder (sjikt)?** | | |
| **Har kommunen fastsett bredda på kantvegetasjonen i plan?** | | |
| **Er området verna**? | | |
| **Har det vore registreringar av artsmangfald i kantsona?**<br>(i tilfelle ja, av kven, og når): | | |
| **Er det kjende førekomstar av fisk, edelkreps eller elvemusling i vassdraget**?<br>Viss ja, kva artar? | | |
| **Er det registrert naturtype som vert påverka av tiltaket?** | | |
| **Er det gyting i vassdraget?** | | |

**Beskriv kva tiltaket går ut på og kvifor ein bør gje dispensasjon frå forbodet mot å fjerne kantvegetasjon*:**

**Kva type vegetasjon skal fjernast (t.d. skog (ulike treslag), buskvekstar, høgvaksen ugrasvegetasjon, lauvskog/barskog, urter?***

Legg ved kart med innteikna areal på området som skal hoggast*.





# Informasjon om kantvegetasjon

Kantvegetasjon langs alle vassdrag har fleire viktige funksjonar for dyr og planter, men bidrar òg til å redusere avrenning, og fungerer som flaum- og erosjonssikring. Det er difor berre i særskilte tilfelle Statsforvaltaren kan gje løyve til fjerning. I ein del tilfelle kan det vere aktuelt å gje løyve til mellombels fjerning for å sikre gjennomføring av naudsynte tiltak. Her følgjer informasjon om kvifor kantvegetasjonen er så viktig.

**Kantvegetasjon er viktig natur**

Kantvegetasjon er rik natur mellom vassdrag og land, og fungerer som leveområde til mange dyr og planter. Langs vassdrag kan tettleiken av fuglereir i kantvegetasjonen vere like stor som i ein tropisk regnskog. Kantvegetasjon gjev skjul og skugge, og særleg i mindre bekkar er skuggeeffekten på varme sommardagar viktig. I små bekkar kan soloppvarminga vere betydeleg. For høg vasstemperatur kan få negativ verknad på vekst, utvikling og overleving for larver og yngel av fisk. Frå vegetasjonen fell insekt ned i vatnet og blir til mat for fisken. Røter og nedfallstre i vatnet gjer gode skjul- og oppvekstområde for yngel, og organisk materiale som lauv gjer gode næringsforhald for blant anna botndyr (**figur 1**).



***Figur 1.*** *Kantvegetasjon gjev skjul, skugge og næring. Illustrasjon frå «Skogbruk vid vatten». Skogstyrelsens förlag 2000.*

**Breidda til kantvegetasjon**
Kantvegetasjonsbeltet må vere breitt nok til at det hindrar avrenning, og dannar leveområde for planter og dyr m.m. Til dømes vil flaummarkskog med ei bredde på ti meter ta opp meir enn 3/4 av avrenninga frå terrenget, og kan redusere forureining til vassdrag (**figur 2**). Bredda på kantsona vil variere ut i frå jordsmonn, størrelsen til vassdraget og elvebreddas utforming, men den økologiske funksjonen til vegetasjonen må oppretthaldast.

**Kantvegetasjon fungerer som erosjonssikring**
Røter av buskar og tre bind jorda samen og hindrar at jorda forsvinn ut i vassdraget (**figur 3**). Eit breitt belte av kantvegetasjon kan redusere skader ved flaum, blant anna ved at mindre vatn når inn på dyrka mark eller inn til busetjing. I større elvar kan eit breitt belte med vegetasjon kanalisere isgangen og hindre skadar på landbruksjord, hus, veg og jernbane.



***Figur 2.*** *Kantvegetasjon hindrar avrenning, og tar opp næringsstoff frå nedbørfeltet. Illustrasjonar frå «Skogbruk vid vatten». Skogstyrelsens förlag 2000.*



***Figur 3****. Naturleg erosjonssikring langs vassdrag. Røter bind jorda saman og hindrar at jorda forsvinn ut i vassdraget. Foto: Gry Walle, Statsforvaltaren i Vestland.*

**Lover og forskrifter som regulerer kantvegetasjon**
*Vassforskrifta*
Målet med vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og kjemisk tilstand. Har ikkje vassførekomsten god tilstand skal det utførast tiltak for oppnå betre tilstand. Vatn er ein ressurs som skal vere tilgjengeleg for alle. Ingen har rett til å påverke vatnet i så stor grad at det ikkje kan brukast av mange og til ulike føremål. Å ta vare på kantvegetasjonen langs bekkene og elvane, er eit enkelt tiltak for å verne vassførekomstane våre.





*Vassressurslova*
Vassressurslova §11 seier at det skal opprettholdast eit vegetasjonsbelte langs alle vassdrag med årssikker vassføring. Ved hogst langs vassdrag kan det takast ut enkelttre, men ikkje av eit slikt omfang at det øydelegg den økologiske funksjonen til kantvegetasjonen. Statsforvaltaren har ansvar for å følgje opp § 11 i vassressurslova, og kan i særlege tilfelle gje dispensasjon frå føresegna med vilkår.

*Forskrift om nydyrking*
Forskrift om nydyrking § 6 seier at det skal setjast att 6 meter vegetasjonssone mot vassdrag med årssikker vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring er kravet 2 meter vegetasjonssone.

*Forskrift om berekraftig skogbruk*
I § 3 i forskrift om berekraftig skogbruk står det at skogbrukarar skal syte for at det takast særlege omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturverdiar når dei gjennomfører skogbrukstiltak. I skogbruket vil PEFC-standarden gje god rettleiing om bredda på kantsona som skal stå att, men standarden fritar ikkje for kravet om dispensasjon frå vassressurslova.

*Naturmangfaldlova*
Naturmangfaldlova stadfestar at naturen skal takast vare på og har eigenverdi, men den er òg verdifull for oss. Føremålet med lova er at vi skal ta vare på mangfaldet av geologi, landskap, naturtypar og artar (§§ 4 og 5). Naturmangfaldlova gjeld for oss alle og for alle offentlege avgjerder som kan påverke naturen (§§ 6 og 7-12).

**Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket**
Jordbrukarar får ikkje produksjonstilskot viss det ikkje er minst to meter vegetasjon mot vassdrag med årssikker vassføring (jf. § 4 i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot). Denne vegetasjonssona kan ikkje jordarbeidast, og skal vere så brei at den motverkar avrenning til ope vatn når vassføringa er normal. I denne sona kan det vere tilstrekkeleg med gamal eng i drift. Kommunen avgjer om det skal tildelast produksjonstilskot. Merk at vegetasjonssone ikkje er det same som kantvegetasjon jf. § 11 i vassressurslova.

**Skjøtsel**
I nokre tilfelle kan det vere behov for å utføre skjøtsel i kantsona, som ved store rotvelta tre i elvekant. Skjøtsel er lov utan løyve frå Statsforvaltaren. Ved skjøtsel kan ein ta ut enkelte tre, men den økologiske funksjonen til kantvegetasjon skal ikkje øydeleggast. Ein bør ikkje kunne sjå at det har vore utført hogst.

**Løyve til fjerning av kantvegetasjon**
I eit løyve til fjerning av kantvegetasjon setjast det vilkår om reetablering, og korleis reetablering kan gjennomførast. Det kan til dømes leggast til rette for naturleg revegetering ved å ta vare på det øvre jordlaget med den naturlege frøbanken, og tilbakeføre dette. Skal det plantast, er det viktig at det berre vert nytta lokalt førekommande artar av lauvtre og buskar. Der det er aktuelt å nytte transporterte massar, må desse vere reine, for å hindre spreiing av framande artar.

## Meir informasjon



- NVE veileder "Kantvegetasjon langs vassdrag" frå 2019
- Nettsak av Statsforvaltaren i Vestland "Kantvegetasjon langs vassdrag"
- Tiltakshåndboka til NORCE LFI
- Norsk Vannforening sitt seminar "De viktige kantsonene langs vassdrag" (youtube)
- Andre seminar: Naturbasert sone (jamlege lunsjføredrag av NIVA), Norsk
- NIBIO-pop notat og rapportar om vegetasjon som miljøtiltak i jordbruket (søk etter NIBIO og kantsone for å finne relevante rapportar)
- Kartlegging av kantvegetasjon i habitatkartleggingsrapportar
- Brosjyre om kantvegetasjon av Statsforvaltaren i Vestland (utkast)

VEILEDER

NVE

Nr 2/2019

## Kantvegetasjon langs vassdrag

*Inger Staubo, Kjell Carm, Bente Ågren Høegh,*
*Jan Henning L'Abée-Lund og Silje Åkre Solheim*



LFI-Rapport nr. 296

M-1051|2018

## Tiltakshåndbok for bedre fysisk vannmiljø:

### God praksis ved miljøforbedrende tiltak i elver og bekker



NORCE

Norwegian Research Centre

Laboratorium for ferskvannsøkologi og innlandsfiske (LFI)




https://youtu.be/NfG-dklj-lI


Rapport nr. 433

Habitatkartlegging i Samnangervassdraget i 2021

NORCE

Laboratorium for ferskvannsøkologi og innlandsfiske (LFI)

## Kva bør kommunen hugse på?





*6 - Raudvengetrost. Foto: Tore Larsen*



*7 - Kongeaugestikkar. Foto: Magnus Johan Steinsvåg*

**Hugs/Sjekk:**

- Fjerning av kantvegetasjon er søknadspliktig (utover skjøtsel)
- Det er ikkje det enkelte treet som er verna, men funksjonen til kantvegetasjonen
- Vernesone for kantvegetasjon langs viktige vassdrag i kommunale planar? Gjer sanksjonsmyndigheit etter pbl
- Område kor kantvegetasjon kan reetablerast?
- Kantvegetasjon=naturleg erosjonssikring (naturbasert løysing)
- Kantvegetasjon er meir enn store tre: urter, gras, busker m.m.
- Ikkje planlegg for areal som gjer indirekte eller direkte inngrep i kantvegetasjon og vassdrag
- Sjekk naturbase.no om det er registreringar av viktige naturtyper/artar
- Sjekk om det er registrert elvemusling i vassdraget (naturbase eller fylkesatlas)
- Årssikker vassføring? Sjekk eventuelt: https://nevina.nve.no/, eller høyr med fiskeforvaltarne
- Spørsmål? Ta kontakt med Statsforvaltaren